



## FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

### TILSYN MED SOKNDAL KOMMUNE

---

**TIDSPUNKT:** 15. februar 2007                    **VÅR REF:** 07/433

**KOMMUNENS  
ADRESSE:** Sokndal kommune, Gamleveien 20, 4380 Hauge i Dalane

**KOMMUNENR:** 1111

**TILSYNSGRUPPE:** Marta Vignes Steine, Hanne Sørli Ronæss og Kåre Kr. Høines

**KONTAKTPERSON  
I KOMMUNEN:** Oppvekst- og kultursjef Øystein Løvø

---

#### **Heimel for tilsynet:**

Opplæringslova § 14-1, 2. og 3. ledd, jf. delegasjonsrundskriv F-16/04 fra Utdannings- og forskingsdepartementet og delegasjonsbrev datert 02.03.05 fra Utdanningsdirektoratet.

#### **Regelverk**

- Lov av 17.juni 1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova

#### **Tema for tilsynet:**

Tilsynet skal kontrollere om skoleeigar oppfyller lova sine krav til tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf opplæringslova § 1-2 femte ledd og kapittel 5, og om skoleeigar har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

#### **Fylkesmannen avdekkar følgjande avvik under tilsynet:**

##### **Avvik 1.**

Sokndal kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova vedrørande tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte. Det er dermed heller ikkje etablert eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå slike vurderingar og frå nasjonale kvalitetsvurderingar.

---

## **Godkjent:**

Marta Vignes Steine  
tilsynsleiar

Hanne Sørli Ronæss  
1. konsulent

Kåre Kr. Høines  
seniorrådgivar

## **Innhald**

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

## **Vedlegg:**

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn  
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

## **1. Innleiing**

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Sokndal kommune 15. februar 2007. Tilsynet er ein del av eit felles nasjonalt tilsyn der fylkesmennene fører tilsyn med same tema i fylkeskommunen og fem kommunar i kvart fylke.

Tilsynet fokusere på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skoleeigar.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Sokndal kommune har tilfredstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarlig vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulert som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

## 3. Avvik

### **Avvik 1:**

Sokndal kommune har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova vedrørande tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte. Det er dermed heller ikkje mogleg å følgje opp resultata frå slike vurderingar og frå nasjonale kvalitetsvurderingar.

### **Avvik frå:**

Opplæringslova §§ 13-10 andre ledd jf. 1-2 femte ledd og kapittel 5

### **Lovkommentar:**

Opplæringslova § 1-2 femte ledd og kapittel 5 regulerer retten til tilpassa opplæring og retten til spesialundervisning. § 13-10 2.ledd regulerer skoleeigar sitt ansvar for å sikre oppfyllinga av lovkrava.

I høve til tema for det nasjonale tilsynet, tilpassa opplæring og spesialundervisning, følgjer det av § 13-10 andre leddet, jf § 2-1 femte leddet og kapittel 5 at kommunen skal ha eit forsvarlig system for å vurdere om lovkrava innafor tilpassa opplæring og spesialundervisning blir oppfylte. Dersom ein finn ut at krava i § 1-2 femte leddet og kapittel 5 ikkje blir oppfylte, skal kommunen kunne følgje opp med adekvate tiltak.

Eit forsvarleg system er eit system som er eigna til å avdekkje eventuelle tilhøve som er i strid med lov og/eller forskrift, og som sikrar at det blir sett i verk tiltak der det er nødvendig. Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket blir følgjt. Systemet må ha kjent struktur og vise kontinuitet. Systemet må utformast på ein slik måte at elementa i systemet blir knytte opp mot krava i lov og forskrift.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Det er synleggjort gode vurderings- og kontrollrutinar på skolenivå. Tilsende dokument og intervju viser likevel at skoleeigar ikkje har etablert rutinar for systematisk kontakt med skolane for å henta inn informasjon og gi tilbakemeldingar. Kravet i opplæringslova til samla vurdering og oppfølging er med dette ikkje ivaretatt.

## **4. Gjennomføring**

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

|                              |          |
|------------------------------|----------|
| Varsel blei sendt ut:        | 10.01.07 |
| Formøte blei halde:          | 06.02.07 |
| Intervjua blei gjennomførte: | 15.02.07 |
| Sluttmøte blei halde:        | 05.03.07 |

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

## **5. Oppfølging**

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis ein vil følgje opp avviket i rapporten innan 1. juni 2007.

## **Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn**

---

Materiale tilsendt fra Sokndal kommune på førehand av, og under tilsynet:

1. Organisasjonskart for Sokndal kommune
2. Delegasjonsreglement for Sokndal kommune
3. Sokndal kommunes sin årsmelding for 2005
4. Evaluering av kompetansehevingsplan
5. Tildeling av økonomiske ressurser – skolene i Sokndal
6. Retningslinjer for Sokndal kommune - saksbehandling
7. Retningslinjer for utarbeidelse og bruk av IP- Sokndal kommune
8. Virksomhetsplaner Hauge skole og Sokndal ungdomsskole
9. Planer for å sikre TPO og spesialundervisning - Sokndal ungdomsskole
10. Planer for å sikre TPO og spesialundervisning – Hauge skole
11. Eksempler på differensiering/TPO Sokndal ungdomsskole
12. Eksempler på differensiering/TPO Hauge skole
13. Skjema for elev/foreldresamtaler – Sokndal ungdomsskole
14. Skjema for elev/foreldresamtaler – Hauge skole
15. Vedtak om spesialundervisning m.m. Hauge skole
16. Vedtak om spesialundervisning m.m. Sokndal ungdomsskole
17. Retningslinjer for overganger bhg./skole og b.skole/u.skole
18. Plan for hjem/skole samarbeid – Hauge skole
19. Plan for Hjem/skole samarbeid – Sokndal ungdomsskole
20. Handlingsplaner mot mobbing
21. Rutiner ved dødsfall
22. Informasjon om PP-tjenesten

## **Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet**

| <b>Namn</b>        | <b>Funksjon</b>             | <b>Føremøte</b> | <b>Intervju</b> | <b>Sluttmøte</b> |
|--------------------|-----------------------------|-----------------|-----------------|------------------|
| Bjørn E. Paulsen   | Rådmann                     | X               | X               | X                |
| Øystein Løvø       | Oppvekst- og kultursjef     | X               | X               | X                |
| Karen A. Grastveit | Rektor Sokndal ungdomsskole | X               | X               | X                |
| Tove N. Uthaug     | Rektor Hauge skole          | X               | X               | X                |
| Bjørn I. Mydland   | Lærar Sokndal ungdomsskole  | X               | X               |                  |
| Olav Rekeland      | Lærar Hauge skole           | X               | X               | X                |
| Jon G. Bauge       | Leder PP-tjenesten i Dalane | X               | X               | X                |

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Marta Vignes Steine, 1. konsulent Hanne Sørli Ronæss og seniorrådgivar Kåre Kr. Høines med førstnemnde som tilsynsleiar.